

# FISKERIDIREKTØREN

Bergen, 26.8.1983  
OM/AN

*Ark.nr. 412.5 Malauh*

## MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 104/83

### ENDRING AV FORSKRIFTER OM REGULERING AV FISKE ETTER MAKRELL MED RINGNOTFARTY PÅ 70 FOT L.L. ELLER MEIR SØR FOR 62°N OG I SKAGERRAK.

Med heimel i §§ 1 og 4 i lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeria og §§ 6 og 10 i lov av 16. juni 1972 om reguleringa av deltagelsen i fiske, og § 8 i kgl. res. av 10. juni 1983, har Fiskeridepartementet 12. august og 23. august 1983 gjort følgjande endringer i kgl. res. av 10. juni 1983:

#### I

§ 5 første ledd skal lyde:

Ringnotfarty på 70 fot lengste eller meir, men under konsesjonsplikta (jfr. forskrifter av 2. mars 1979) og som har levert makrellfangst fiska i område nemnd i § 1 1981 og/eller 1982, kan utan hinder av forbodet i § 1 fiska samla inntil 2000 tonn makrell til menneskemat.

§ 5 annet ledd (nytt) skal lyde:

Ingen fartøy kan fiske meir enn 350 tonn.

§ 5 annet ledd blir nytt tredje ledd, og tredje ledd blir nytt fjerde ledd.

#### II

Denne endringen trer i kraft straks.

#### I

§ 2 tredje ledd skal lyde:

Ingen kan levele meir enn 150 tonn pr. tur.

#### II

Denne endringa trer i kraft straks.

Etter ovannemnde endringar har forskriftene følgjande ordlyd:

Med heimel i §§ 1 og 4 i lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeria og §§ 6 og 10 i lov av 16. juni 1977 om reguleringa av deltagelsen i fiske er det ved kgl. res. 10. juli 1983 og seinare endringar fastsett følgjande forskrifter.

#### § 1

Det er forbode for ringnotfarty på 70 fot lengste lengde eller meir å fiske makrell i Noregs økonomiske sone sør for 62°N og i Skagerrak.

#### § 2

Konsesjonspliktige ringnotfarty kan utan hinder av forbodet i § 1 fiske inntil 7.300 tonn makrell til menneskemat fra 15. august 1983.

Fiskeridirektøren fastsette fartykvote på grunnlag av talet deltagande farty.

Ingen kan levere meir enn 150 tonn pr. tur.

Fiskeridirektøren kan gjere unntak frå reglane i tredje ledd for farty med fryseanlegg og fastsetje særskild turkvote for slike farty.

### § 3

Farty nemnd i § 2 som skal ta del i fisket, må melde frå skriftleg til Fiskeridirektøren. Fiskeridirektøren kan fastsetje frist for påmelding.

Farty som er med i dette fisket, kan ikkje ta del i sommarloddefisket i Barentshavet i 1983.

### § 4

Det er forbode for farty som er tildelt kvote etter § 2 å fiske makrell innanfor 40 n.m. av grunnlinene sør for 59° N.

### § 5

Ringnotfarty på 70 fot lengste lengde eller meir men under konsesjonsplikta (jfr. forskrifter av 2. mars 1979) og som har levert makrellfangst fiska i område nemnd i § 1 i 1981 og/eller 1982, kan utan hinder av forbodet i § 1 fiske samla inntil 2000 tonn makrell til menneskemat.

Ingen farty kan fiska meir enn 350 tonn. Ingen farty kan levere meir enn 75 tonn pr. tur.

Fiskeridirektoratet kan dispensere frå første ledd.

### § 6

Når kvotane nemnd i § 2 eller § 5 er pårekna oppfiska kan Fiskeridirektøren stogge fisket for vedkomande fartygruppe.

### § 7

Sild- og brislingfangstar kan ha inntil 20 % makrell i vekt ved kvar landing.

Hestmakrellfangstar kan ha inntil 10 % makrell i vekt ved kvar landing.

Makrellfangstar kan ha inntil 5 % sild i vekt ved kvar landing.

Fiskeridirektøren kan fastsetje reglar om prøvetaking og kontroll av fangstar nemnd i denne paragrafen.

### § 8

Fiskeridepartementet kan endre forskriftene.

### § 9

Forsettlege eller aktlause brot på desse forskriftene vert straffa med bøter med heimel i § 69 i lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeriene eller § 11 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltagelsen i fisket.

### § 10

Desse forskriftene tek til å gjelde straks.

-----